

**Studietur til England og Wales 19. – 23. Mars 2009 i
regi av småsamfunnsprosjektet i Tingvoll:**



Ei oppsummering
av
Gunnlaug Ribe



Småsamfunnssatsinga i Tingvoll

Økokommunen - bedre løsninger for mennesker og miljø

BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Småsamfunnssatsinga er regjeringa (KRD) sitt verkemiddel for ein offensiv og målretta distrikts- og regionalpolitikk. Småsamfunn er definert som område med lange avstandar til regionale sentra, vedvarande befolkningsnedgang og ein sårbar næringsstruktur.

Småsamfunnssatsinga skal bidra til å hjelpe fram ulike utviklings- og pilotprosjekt i småsamfunn. I dei "deltakende" småsamfunna skal satsinga bidra til:

- å gjere samfunna attraktive for innbyggjarane, tilflyttarar og bedrifter,
- å fremme næringsutvikling basert på lokale ressursar,
- å sikre tilbod av offentlege og private tenester, og
- å styrke trua og optimismen i desse samfunna.

I Tingvoll skal prosjektet m.a. vere med å utvikle eit kunnskaps- og formidlingssenter på Tingvoll gard. Garden er eigd av NORSØK (Norsk senter for økologisk landbruk) og Bioforsk Økologisk, som er eit økologisk forskningssenter, er lokalisert her. Fysisk skal kunnskapssenteret plasserast i det som idag er driftsbygninga på garden, då denne blir ledig for anna bruk når nytt fjøs står klart i løpet av 2010. Senteret skal også knytast opp mot uteareal med hage og friluftsområde, mot nytt fjøs og energisentral og sist, men ikkje minst mot kyrkje og det ein trur har vore den historiske tingstaden.

For å knyte kontaktar og å hente inspirasjon og idéar til vidare arbeid med senteret, har småsamfunnsprosjektet arrangert ein studietur til England og Wales.

OM RAPPORTEN

Dette er ein kortfatta rapport frå denne studieturen til England og gjennom eit vårleg walisk landskap. Det heile i regi av småsamfunnsprosjektet.



MÅL FOR TUREN:

Opprette kontaktar med andre ”tingvollar” kring Nordsjøen og hente heim inspirasjon og idéar til det komande kunnskaps- og formidlingssenteret på Tingvoll. Thingwall og CAT representerer to ganske ulike attraksjonar: Thingwall er viktig med tanke på Tingvoll si fjerne historie og korleis ein derifrå skal dra liner inn i framtida og CAT er viktig med tanke på Tingvoll si nære historie som grøn energikommune, økokommune og som vertskommune for NORSØK.

Hovudmål med å vitje Thingwall: - knyte kontaktar til lokalforvaltninga der
- knyte kontaktar til kyrkje og kultur
- forsterke den kontakten som allereide er mellom skulane

Hovudmål med å vitje CAT: - få idear til attraksjonar

- få innblikk i organiseringa av senteret
- få innblikk i drift og finansiering

I tillegg passa det slik at vi fekk tid til å stikke innom eit særskilt vakkert hageanlegg, Bodnant Garden, som også kan vere ei god inspirasjonskjelde for utforminga av vårt komande besøksanlegg på Tingvoll.

DELTAKARAR:

Fredrik Gulbranson (Tingvoll kommune)

Anne Reiten Gilbert (Tingvoll næringshage–prosjekt småsamfunn)

Ketil Valde (Bioforsk Økologisk–prosjekt småsamfunn)

Turid Strøm (Bioforsk Økologisk)

Kirsty McKinnon (Bioforsk Økologisk)

Einar Lund (Bioforsk)

Anne de Boer (Tingvoll gard)

Marianne Nystad (Tingvoll museum)

Margrethe Bæverfjord (Tingvoll barne- og ungdomsskole)

Sondre Sørheim(Sunndal vgs – arbeidsveke på Bioforsk Økologisk)

Kristin Sørheim (Tingvoll kommune – prosjekt småsamfunn)

Gunnlaug Ribe (Tingvoll kommune – prosjekt småsamfunn)

REISERUTE

19.03.09: Fly: Molde – Oslo – København - Manchester

19.03.09: Minibuss: Manchester – Thornton (overnattning)

20.03.09: Minibuss til Thingwall -1. hovedmål på turen.

20.03.09: Miniuss sørover til Wales

21.03.09: Besøk på CAT(Centre for Alternative Technology)- 2. hovedmål på turen

22.03.09: Avsluttande formiddagsbesøk på CAT

22.03.09: Nordover att, ny køyrerute gjennom ein av Wales sine nasjonalparkar.

22.03.09: Bodnant Garden- The National Trust

22.03.09: Minibussen vidare til flyplass-hotell, Manchester

23.03.09: Fly: Manchester – Oslo - Molde

THINGWALL:

<http://www.nottingham.ac.uk/-sczsteve/Proposal.htm>

Vi veit at det fins mange stader rundt Nordsjøen med namn som tilseier at dette har vore tingstader frå gamalt av – dvs. stader der frie menn møttest for å løyse stridstema og ta politiske avgjerder.

Eks. på ”tingvollar” vi kan kjenne att ut frå namn:

Island: Thingvellir

Skottland: Dingwall

Orknøyane: Tingwall

Shetland: Tingwall

Sverige: Tingvall/ Tingvalla (fleire stader)

England: Thingwall v/ Liverpool

Isle of Man: Tynwald

Irland: Thingmote v/Dublin

Norge:Tingvoll



Vår utmerkte guide, Steve Harding (sjå biletet – han er professor i biokjemi og historikar av hjarte) viste oss rundt. Han tok oss med til Thingwall – det ein meiner var tingvollen (fungerer som hestebete pr. i dag) og på den lokale Thingwall barneskule der vi vart særskilt godt mottekne av lærarar og elevar. Spesielt hadde venskapsklassen til elevane frå Tingvoll barne- og ungdomsskule førebudd seg godt og tok seg av oss på beste måte. Stor jubel vart det då vår gruppe song ”Pål sine høner” til ære for dei.

Det gjorde inntrykk å sjå kor ivrige både born og vaksne var til å fortelje om si historie, sin hæromst frå ”norsemene and vikings”.



Rådmann Fredrik Gulbranson midt i elevflokken.

Det var tydeleg at det var gjort eit stort forarbeide på skulen, både med å teikne vikingar og norske flagg, sjå på kart og lære norske ord. Men vi fekk også inntrykk av at arbeid med vikingehistoria ikkje var berre til ære for oss, men noko det generelt var populært å arbeide med. Dei var stolte av hæromstenen og kontakten frå nordaust. Elles beit vi oss merke i kor stor plass kreativ jobbing hadde i alle fag. Alle veggar var dekorerte med teikningar og skriveriar om alt frå kunst til språk og vikingar.


Vi vart inviterte til lunsj på ein av dei lokale pub'ane "The fox and hound" av kommunen. Representantar frå konsulatet og den skandinaviske kyrkja i Liverpool var også til stades. Her presenterte rådmann Fredrik Gulbranson Tingvoll kommune for vårt engelske vertsskap. Thingwall-oppaldet vart avslutta med tur til West Kirby og St. Bridgets Church der ein av kyrkjas menn (Martin Harrison) viste oss rundt. Besøket vart avslutta med at det vart gjort avtalar om at kontakten skal vidareutviklast. Det skal også gjerast gjensidig utveksling av kultur – sannsynlegvis blir det neste steget at Tingvoll kyrkjekor reiser til West Kirby og opptrer der saman med det lokale kyrkjekoret.



Vi vart særskilt godt mottekte av elevar og lærarar på Thingwall school. Foto som vart tatt av journalistar frå The Wirral News. (Heile artikkelen ifrå The Wirral News ligg som vedlegg til rapporten).

20.03.09: Med minibuss reiste vi vidare sørover til Wales. Ein tur gjennom eit vakkert landskap med åsar, skogar og gryande grøne enger og store mengder sau (lemminga var i gang ute på markane). Fine hekkar kransa mange stader beiteområdet (jordeigarane får tilskot for å halde desse hekkane i hevd som ein viktig del av kulturlandskapet). Ein del av den tidlegaste vårbløminga var i gang. Sola skein mykje av tida, medan gradestokken kunne fortelje at det enno var tidleg vår.

21.03.09 og 22.03.09: BESØK PÅ CAT (Centre for Alternative Technology) – det andre hovudmålet for turen.



www.cat.org.uk

Vår kontakt på CAT var Peter Harper, - han hadde vore tilknytta senteret sidan byrjinga på 1980-talet. Vi vart tatt vel imot og han kunne fortelje at det heile starta med to – tre unge familiar som ville leve "grønt" og vera sjølvberga. Dei fekk leige eit område i Wales der det tidlegare hadde vore skiferbrot.

Avfall/ Stein frå brotet som ikkje kunne nyttast hadde over tid bygd opp eit ås-landskap eller eit slags platå. Dette området fekk desse familiene leige. Der bygde dei opp heimane sine og byrja dyrke mat til eige bruk. Dei hadde også nokre husdyr. Mykje folk kom etter kvart for å sjå på "the naked hippies" og det dei dreiv med. Då det var vanskeleg nok å overleve, fann dei etter kvart ut at dei fekk ta seg litt betalt frå dei som kom for å sjå. Etter kvart som tida og åra gjekk har det heile utvikla seg til eit besøkssenter der berekraftig utvikling og formidling rundt dette temaet er det sentrale. Senteret har i dag om lag 120 som til ei kvar tid er i arbeid/ aktivitet på anlegget. Formidling er det sentrale konseptet. Målgruppe er alle aldersgrupper, men ulike studentgrupper (trainees) er ei hovudmålgruppe



Mål for senteret:

Senteret vil gi oss svar på korleis nokre av kloden og menneska sine største utfordringar kan løysast: klimaendringar, forureining, avfall og overforbruk av verdifulle ressursar. Senteret ønskjer i praksis å vise korleis ein kan leve meir naturvenleg, sjølvberga og samtidig også gjere livskvaliteten betre.

Eks.: Bruk av ulike typar fornybar energi: Solcellepanel, solfangarar, vindmøller, flisfyringsanlegg.

Dei har dyrkingsfelt der dei viser korleis vekstane trivst ved tilførsel med og utan kompost, veksthus der ein nytter varmen frå sola, hybelhus der alt vert resirkulert (også kloakken), og der ein gjennom målarar på veggen får vite kor mykje energi ein kan bruke pr. dag og difor må gjere ei prioritering (t.eks. TV, data eller varm dusj).

Senteret har også lagt til rette for at arkitektstudentar kan få kome å bygge modellar med ulike byggematerial, prøve ut ulike typar isolasjonsmateriale osv..

Gjennom video og ulike praktiske, tekniske og interaktive modellar har dei besøkjande mange utfordringar der dei kan leike og lære, - alt frå tekniske nyvinningar basert på fornybar energi til gjenbruk av plast og "Worm Theatre" (sjå biletet nedanfor t.v.). Ein kan få prøve seg på "Treadmill of happiness", sjå og bruke ulike typar toalett, lære om kompostering,rensing av kloakk, dyrking av urter og mykje meir.

Sidan senteret ligg oppe på eit platå er det også laga ein liten kabelbane (sjå biletet nedanfor t.h) som blir trekt opp ved hjelp av tyngdekrafa og forflytning av vatn frå den eine vognen til den andre.

Dette har vist seg å bli noko som har trekt mykje folk til senteret, som har rundt 70 000 besøkjande kvart år.



På senteret er det også ein butikk der det vert selt mykje aktuell litteratur (litteratur skriven av personar knytta til CAT, men også andre relevante publikasjonar) i tillegg til ein del produkt som har relevans til det senteret driv med og står for.

Delar av anlegget var stengt då vi var der. Dette hadde sin årsak i at senteret var inne i ein utbyggingsperiode, der eit stort rundt bygg med sidefløyar var under oppbygging. Dette førte til fleire overnattingssråder og gode undervisningsfasilitetar i tillegg til ein god foredragssal.



Arbeidet med utviding av senteret er i full gang. Slik blir den nye delen sjående ut. Den er planlagt ferdigstilt i løpet av 2009.

Funksjon opp mot storsamfunnet:

CAT fungerer som eit info-senter for berekraftig utvikling. Det vert svara på spørsmål både på telefon, e-post i tillegg til spørsmål frå besøkjande 5 dagar i veka.

Det vert også halde kurs for menneske i alle aldrar,- alt frå heltekurs til årskurs.

Utdanningsdep. arrangerer skulekurser til CAT.

Ei eiga medie-avdeling med fleire tilsette tar seg av alle presse-spørsmål.

Til ei kvar tid bur det eit lite samfunn på senteret (men ingen av dei opprinnelige familiene bur der fast lenger). Dei som bur der gjer dette som ein del av eit eksperiment, det vere seg for å prøve ut kooperative idear eller idear som har med det fysiske miljøet å gjere t.eks. kor tar vi energien frå, korleis reinse vatnet, korleis forureine minst mogleg osv..

Råd frå Peter Harper:

Peter Harper avslutta omvisninga med eit foredrag for oss:

Stikkord han ga oss som tips for vårt arbeid vidare:

*Gjer det de brenn for; formidling av kunnskap har vore ein suksess for CAT, medan sal av opplevelingar i seg sjølv har vore tyngre (dei er idealistar og ikkje kremmarar). Idag er om lag 480 studentar knytta opp mot anlegget på ein eller annan måte (oppgåveskriving, forsøk, opplæring).

*Den som ikkje ligg sentralt må ha eit godt nettverk både til storsamfunnet, men ikkje minst er det viktig å involvere nærmiljøet mest mogleg (CAT har gitt mange arbeidsplassar både direkte og indirekte i eit område som elles lett kunne blitt fråflytta). M.a. har det vore viktig å ha god kontakt med "the landladies" om overnattingstilbod i nærområdet.

*Tilrår "aspargesmodellen" framfor "gulrotmodellen": Aspargesplanten har mange festepunkt, - dvs. mange bein å stå på som gir eit mykje sikrare fundament enn om alt kviler på ein idé.

Organisering og økonomi:

Senteret er organisert dels som eit aksjeselskap og dels som ei stifting. Ingen tilsette er spesielt godt avlønna. Dei er lønna etter ein flat struktur, men med ulike nivå der m.a. ansinnitet, utdanning og erfaring skiljer nivåa. Lønningane vart sagt å vere brukbare sidan lønnsnivået i Wales generelt er lågare enn i meir sentrale strok av Storbritannia. Senteret får noko offentleg støtte, men er avhengig av privat støtte i tillegg. Det er difor organisert ei vene-/medlemsforeining. I tillegg er det stadig frivillelege som kjem for å arbeide og lære.

Samarbeidspartar:


Det finst etter kvart mange senter rundt om i Europa med noko av det same idégrunnlaget som CAT. Mange av sentra er nestan å sjå på som avleggjarar etter at folk har vore på CAT og blitt inspirerte. Dette er også noko av det senteret jobbar for at skal skje. I Norge er det ingen slike senter så langt og Tingvoll har altså tatt mål av seg til å få det første. CAT ser vi på som ein særskilt samarbeidspartner og støttespeler i den samanhengen sidan dette senteret er av ein storleik som er samanliknbar, ligg grisgrent til og har mykje av dei same visjonane som det vi har på Tingvoll. Vi ønskjer i tillegg likevel å ha meir fokus mot husdyrhald og økologisk landbruk, - noko som etter kvart har vorte tona ned for CAT sin del.

BODNANT GARDEN



Direktør for Bioforsk Økologisk, Turid Strøm, nyt synet av påskeliljene i Bodnant Garden

Bodnant Garden er ein fantastisk slottshage nord i Wales. Sidan det passa veldig godt inn i ruta vår, fekk vi ein stopp der, og vi fekk vandre i eit naturskjønt område med tallause plantar og tre i tidleg vårbløming. Hagen omfattar både store plenar og lier kring eit dalsøkk der det renn ei elv. Eit særskilt anlegg der logistikk med alt frå parkering, billetsal, kafèar, butikkar til plassering av toalett var godt planlagt, - også noko å hente idéar og inspirasjon når vi skal vidareutvikle senteret på Tingvoll gard.



ETTERTANKE/ KONKLUSJON:

Overalt vert det skrive og tala om den globale krisa som står framføre oss, både når det gjeld klima og økonomi. Vi veit at veksten og dei vestlege økonomiske modellane som har styrt oss dei siste 10-åra ikkje kan fortsetje å vere modellane vi skal styre etter i framtida, ganske enkelt fordi det vil ikkje planeten vår tåle.

Tingvoll kommune ønskjer å vere ein foregangskommune og ta grep for å få til ei berekraftig utvikling. Tingvoll har markert seg som ein grøn energikommune og som økokommune. I tillegg er Tingvoll utpeikt av M&R fylke som satsingskommune for sol- og bioenergi.

I kommunen sin klimaplan går det fram at det er gjort mange tiltak for å redusere klimagassar. Likevel står dei største utfordringane att gjennom utslepp av klimagassar frå transportsektoren og jordbrukssektoren. Tingvoll ønskjer å gjere noko med dette også og ønskjer å formidle vidare kva som kan gjerast. Dette blir eit av fleire hovudmål for det senteret som etter kvart skal fylle driftsbygninga på Tingvoll gard, når nytt fjøs overtar funksjonane til bygninga slik den står i dag. Vidare skal rettferdig fordeling sett i globalt perspektiv, ha ein sentral plass saman med dei økologiske hovedprinsippa som helse, økologi, rettferd og omtanke (føre var-prinsippet). Det er også viktig for senteret å få fram det historisk interessante, - vise at Tingvoll har vore sentral i

ulike tidsepokar opp gjennom historia både som kultstad i steinalder (noko hellemåleria syner) og som tingstad i middelalderen. Tingvoll har vore ein samlingsstad opp gjennom tidene, og skal bli det igjen. Dette skal vi få til som kunnskapsformidlarar der det sentrale blir å lære gjennom oppleving. Vi skal trekke folk både lokalt og regionalt ifrå, men også gjennom samarbeid med andre ”tingvollar” rundt Nordsjøen og gjennom Nord -Sør –samarbeid i eit globalt perspektiv.

Det var viktig å få til denne studieturen for å kome ut og knyte kontaktar og lære slik menneska alltid har gjort, og det var viktig å få til ei breiast mogleg deltaking for å forankre arbeidet i dei ulike sektorane i kommunen.

Gjennom ein slik tur ser vi at vi har mykje å hente av kunnskap utafrå, men vi vert også minna om det særeigne ved vårt eige land og ikkje minst landsdelen vår. Vi har ei spennande historie, ein fantastisk og særmerkt natur med våre vakre fjordar og fjell, men ikkje minst har vi eit spennande busettingsmønster og eit karakteristisk kulturlandskap. Norge er unikt i verda med si spreidde busetting, - dette er noko vi må kjempe for å ta vare på og den kampen vil Tingvoll vere med å utkjempe. Dette vil vi gjere både ved å få til eit kunnskaps – og formidlingssenter der kunnskapen som finst innafor miljøet på Bioforsk økologisk vert nytta samstundes som ein dreg nytte av lokalhistorisk kunnskap. Vi skal også gjere oss nytte av og vidareutvikle regional kunnskap på energisida slik at denne kunnskapen kan kome til nytte både for folk i nærmiljøet, skuleelevar i regionen og besökjande elles frå fjern og nær.

Vi meiner å ha lært at ein treng ikkje å ligge sentralt for å få besøk, om det ein har å by på er interessant nok. Vi har også erfart at idégrunnlaget vi byggjer på er sær relevant, særleg når ein ser det i eit europeisk eller globalt perspektiv.

Vi har også fått støtte til tankane vi har gjort oss om at vi må knyte kontaktar til ulike lærestadar rundt i landet, - det vere seg både vidaregåande skular, høgskular og universitet. Vi må lage eit senter som er spesielt interessant for born og unge som etter kvart skal styre utviklinga og vegen vidare.

Unlocking secrets of our Norse code

Viking site links are cultivated

EXCLUSIVE
By LORNA HUGHES

A PIONEERING link has been established between former Viking parliament sites in Wirral and Norway.

Tingvoll and Thingwall are among a handful of similarly named towns or villages in Europe thought to have had Viking settlements.

As the name means "assembly field", experts believe these were once seats of Viking power. Others include Tingvæl in Iceland and Tyrwald in the Isle of Man. After a successful penpal project between primary schools in Tingvoll and Thingwall, a 13-strong delegation from Norway visited Wirral last week to explore the borough's Viking heritage.

Professor Stephen Harding of Nottingham University, who has been instrumental in raising awareness of Wirral's Viking ancestry, showed the group around Thingwall and other important Viking sites in Wirral.

He said: "The reason why they're special is that the 'Thing' means assembly and was where the Vikings had their parliaments."

"It shows that back in Viking times there was a significant Scandinavian population and our Thingwall is one of

How Vikings made an impact on Wirral

● Vikings are thought to have arrived in North West England over a millennium ago.

● After a long journey from Dublin in AD800 the Wirral Vikings, initially led by the Norwegian Viking Ingimundur, would have landed in their boats along the North Wirral coastline. They spread as far as Chester and across the Mersey to populate south west Lancashire.

● A Viking vessel is thought to be

buried under the car park of the Railway Inn in Meols.

● Tranmere was founded by Viking settlers as Tran-mere, meaning sandbank with the cranebirds or herons.

● A list of surnames thought to identify old Wirral families with Viking connections can be viewed at www.nottingham.ac.uk/~scatree/surnam.htm

a number in the North Atlantic region.

"We made contact with Tingvoll and thought it would be a great idea to develop some sort of cultural link but the catalyst for this really was the schools in Thingwall and Tingvoll.

"Over the last few months children at Thingwall Primary have been exchanging letters with children at a primary school in Tingvoll. It really took off."

A genetic survey last year showed a strong Norwegian influence in the DNA of old Wirral and West Lancashire families.

Kristin Goerhein, a former mayor of Tingvoll, is leading a Norwegian project to find out more about the Thingwalls/Tingvolls.

She said: "Our government and county is supporting a programme for rural development in our country and one of the aims of the project is to get

more knowledge about more Tingvolls.

"Our Tingvoll is a village, with a population of about 3,100. We have a great church which we are very proud of."

The Norwegian delegation included representatives from Tingvoll Council, a Tingvoll school, Tingvoll Museum and the Tingvoll Society.

Their day started with a visit to Thingwall Primary School.

The itinerary also included visits to Meols, once a Viking seaport, and St Bridget's Church in West Kirby.

Caroline Davies, headteacher at Thingwall Primary, said: "The children have had their Norwegian penpals since September and it has really enriched their learning."



● Professor Stephen Harding welcomes Keith Valde and Gunnlaug Ribe from Tingvoll in Norway to Thingwall Primary School in Thingwall. Inset, the church in Tingvoll.

Credit: PHOTOCALLS

**Haven Hafan Y Môr
Pwllhell**

* Surrounded by sandy beaches and green hillsides